

Arkivkode
L12-planid 2011004

Vår ref.
11/688- Aaker

Dykkar ref.

Dato
24.3.2011

AVLAUSSLØYSING SANGEFJELL – VARSEL OM OPPSTART AV OMRÅDEREGULERINGSPLAN OG FØREHANDSVARSEL OM VEDTAK OM MELLOMBELS FORBOD MOT TILTAK

Ål kommunestyre gjorde den 17. mars i år prinsippvedtak om at kommunen ynskjer felles avlaupsløysing for hytter med innlagt vatn i Sangefjell 1,2 og 3 innan 1.9.2016 og mogleg for områda Nystølen/Turrhaug og resten av Sangefjell med fall mot Strandafjorden seinare (innan 2030). Fullstendig ordlyd i kommunestyrevedtaket ligg ved til orientering.

VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID

Med heimel i plan- og bygningslovas § 12-8 varslar Ål kommune oppstart for arbeidet med ein områdereguleringsplan for Sangefjell. Hovudføremålet med planen er å vise avgrensing av område for felles avlaupsløysing inndelt i soner etter tidspunkt for pliktig tilkopling. Det er vidare aktuelt at planen omhandlar tema som fortetting med nye hytter og gir føresegner om hyttestorleik, utnyttingsgrad, tilgang på sløkkevatn osv - i fyrste omgang for område utan gyldig reguleringsplan.

Det er viktig at alle som har merknadar eller innspel til oppstart av planarbeidet, sender desse til Ål kommune seinast innan 5. mai 2011. Ver snill og merk brevet plan nr 2011004.

FØREHANDSVARSEL OM VEDTAK OM MELLOMBELS FORBOD MOT TILTAK

Med heimel i forvaltningslovas § 16 og plan- og bygningslovas § 13-1 varslar Ål kommune med dette om at me ynskjer å vedta mellombels forbod mot tiltak innanfor planområdet fram til endeleg områdereguleringsplan er vedteken. Forbod mot tiltak vil gjelde alle typer bygging (t.d. nybygg og tilbygg), frådeling av tomt og utsleppsløyve. Eit slikt forbod gjeld fram til ny plan er godkjent eller i inntil fire år etter at forbodet er vedteke. Før kommunen kan treffe vedtak om mellombels forbod mot tiltak, skal du som eigar/festar av hytte og/eller tomt på Sangefjell ha hatt høve til å gi uttale. Dersom du ynskjer å gi slik uttale, må den vera sendt til Ål kommune seinast 3 veker frå i dag.

Meir informasjon finn du på Ål kommune si heimeside under planar og regulering – andre planar – avlaup Sangefjell.

Med helsing

Reidun Aaker
Avd.leiar (sign)

Vedlegg:

Kommunestyrevedtak k-sak 17.3.2011

Avgrensing av planområde for varsla områderegeringsplan for Sangefjell

Kopi av aktuelle paragrafar i lovverket det er vist til i brevet:

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)

§ 16. (forhåndsvarsling).

Part som ikke allerede ved søknad eller på annen måte har uttalt seg i saken, skal varsles før vedtak treffes og gis høve til å uttale seg innen en nærmere angitt frist. Dersom en mindreårig over 15 år er part i saken og blir representert av verge, skal dette også gjelde den mindreårige selv. Fristen løper fra den dag varslet er avsendt, når ikke annet uttrykkelig er sagt.

Forhåndsvarslet skal gjøre greie for hva saken gjelder og ellers inneholde det som anses påkrevd for at parten på forsvarlig måte kan vareta sitt tarv. I regelen gis forhåndsvarsel skriftlig. Det skriftlige forhåndsvarslet kan gis ved bruk av elektronisk kommunikasjon når mottakeren uttrykkelig har godtatt dette og har oppgitt den elektroniske adressen som skal benyttes for slikt formål. Er det særlig byrdefullt å gi skriftlig underretning, kan underretningen gis muntlig eller på annen måte.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

§ 12-8. Oppstart av reguleringsplanarbeid

Når planarbeidet igangsettes, skal berørte offentlige organer og andre interesserte varsles. Når forslagsstilleren er en annen enn planmyndigheten selv, skal planspørsmålet legges fram for planmyndigheten i møte. Kommunen kan gi råd om hvordan planen bør utarbeides, og kan bistå i planarbeidet.

Forslagsstilleren skal alltid kunngjøre en melding om oppstart av planarbeidet i minst én avis som er alminnelig lest på stedet, og gjennom elektroniske medier. Registrerte grunneiere og festere i planområdet, og så vidt mulig andre rettighetshavere i planområdet samt naboer til planområdet, skal når de blir direkte berørt, på hensiktsmessig måte underrettes om at planarbeidet tas opp.

Ved varsel om oppstart og kunngjøring skal avgrensningen av planområdet angis.

§ 13-1. Midlertidig forbud mot tiltak

Finner kommunen eller vedkommende myndighet at et område bør undergis ny planlegging, kan den bestemme at oppretting og endring av eiendom eller tiltak etter § 1-6 og andre tiltak som kan vanskeliggjøre planarbeidet, ikke kan settes i gang før planspørsmålet er endelig avgjort.

Kommunen kan samtykke i at tiltak som er nevnt i første ledd blir gjennomført hvis det etter kommunens skjønn ikke vil vanskeliggjøre planleggingen.